



Matti på Dønhaug med musikarane Tormod Apeland og Jørgen Skeie junior bak (Foto: Ola Matti Mathisen)

“Det er kjekt for meg å avslutta her heima” sa Matti Røssland (43) då han starta konserten sin i Dønhaugkjedlaren på laurdagskvelden.

Med det meinte han slett ikkje at han no set punktum for ein 20 år lang karriere, men at han og bandet hans no avslutta ein stutt påsketurne i Uskedalen

Turneen har gått via Karmøy, Strandebarn og Osterøy - med då med fullt seksmannsband. I Dønhaugkjedlaren stilte han med to musikarar - Tormod Apeland frå Haugesund på gitar og Jørgen Skeie junior frå Sandeid på tangentar. Og det var eit passande tonefylgje i eit så lite lokale.

Dette var merkjeleg nok fyrste gongen husnesingen Matti hadde konsert på Dønhaug.. Grunnen til at Kvinnherads eigen songartist ikke har vore der før er heilt enkelt at det ikkje har passa for han. Men han har naturleg nok stått på ynskjelista til Magne i fleire år . Og då han endelig kom til "sine egne" vart han motteke med den respekt og begeistring som han fortentar. Det var ikkje plass til fleire i lokalet og verten opererte med venteliste.

Matti er både vokalist, gitarist, komponist og tekstforfatter - han er med andre ord ein allsidig songskapar. Ettersom det er nøyaktig 20 år sidan talentet vart utløyst skal vi mimra litt om akkurat det fordi den hendinga var heller spesiell:

I 1989 sendte Matti ein kassett med nokre av songane sine til Vidar Lønn Arnesen i NRK. Han spela ein av dei - "La meg få drømma"- i den etter kvart evigvarende programposten "Norsk på norsk". Åge Aleksandersen hørde på og vart så begeistra at han tok kontakt med platedirektør Ivar Dyrhaug og saman reiste dei til Husnes og kom med tilbod om platekontrakt!

Det tok ytterlegare to år før Dyrhaug slapp Husnes-songaren ut på marknaden, men i ventetida spela han saman både med Aleksandersen og Kvitnes.

På Dønhaug gav Matti eit tverrsnitt av det svært allsidige og omfattande repertoaret sitt. Til dømes song han "Frå vett og forstand" som inneheld både himmel og helvete på ein måte som illustrerer kor flink han er til å miksa det sarte og vakre med det rufsete og rå.

Songane til husnesingen som no bur i Haugesund har appell til folk i alle aldrar.

Av Ola Matti Mathisen